


Gamalt frå Kviteeid

Nr. 12
Årsskrift 1997



UTGJEVE AV KVITSEID HISTORIELAG

KVITSEID 1997

Gamalt frå Kviteeid

Nr. 12
Årsskrift 1997

UTGJEVE AV KVITSEID HISTORIELAG

Kviteeid 1997

Utgjevar: Kviteseid historielag, 3850 KVITSEID

Boka er satt i: Times 12/13,5

Sats og trykk: **Falch** Hurtigtrykk, Oslo

INNHALD

Fyriord	side	4
Den gamle Sundebrua	Harald Oppebøen	“ 5
Tevling i braudbaking	Torleiv Lid	“ 7
Nedre Dalane skulekrins	Bjørn Vesterdal	“ 9
Segner frå Kviteseid	B. Th. Anker	“ 19
Kringom trædveåri	Björgulv Sandåker	“ 25
Roholt-kirkene og nykirken	Else Løvy	“ 33
Veg og transport i gamal tid. ...	Torgeir Straand	“ 43
Tur til Skien i 1912	Torjus B. Hemmestveit	“ 47
Dei gamle skiløyparan	Olav Sandåker	“ 51
Flekstveit	Halvor Nordbø	“ 55
Då eg var liti	Hege Leirlid	“ 61
Prolog – 70-årsjubileet for		
Fjågesund Kapell	Torjus Fjågesund	“ 63
Godt sagt	Tor O. Sanden	“ 69

Fyriord

Kviteseid Historielag kjem her med sitt 12. årsskrift med gamalt frå Kviteseid.

Me i styret for historielaget er glade for den interesse bygdefolk og andre viser for laget sitt arbeid. Men me er avhengig av fleire medlemmer. Det har vore eit generasjonsskifte i bygda dei siste åra. Trugne medlemmer som brørne Skarprud, Arne Nordskog, brørne Dalen og Torleiv Lid hev lagt ned vandringsstaven. Me minnes desse hederskarane i takksemd.

Styret vil også hedre ein jubilant som fylte 70 år i 1997, og som hev vore formann i laget dei siste seks åra. Me takkar Steinar Berge, Morgedal, for truge arbeid for laget.

Styret takkar også Gunnar Ruud for utretteleg arbeid og interesse som redaktør av årsskriftet.

Underteikna hev vore formann i laget i 1997.

Kviteseid, november 1997

Kviteseid Historielag
Emanuel Riis

Den gamle Sundebrua

Harald Oppebøen

På framsida av årets utgåve av «Gamalt frå Kviteseid» er trykt eit fotografi av den gamle Sundebrua. Fotografiet er henta frå historielaget si fotosamling.

Den gamle vippebrua vart bygd i 1860-åra – truleg 1864. Ho var ein viktig lekk i vegsambandet frå Vrådal til Brunkeberg.

Dette vegsambandet vart påbyrja mange år før. Ein kongeleg resolusjon i 1864 sa at veg skulle byggast i fem meters breidd. Ti år seinare var vegen over Vrådalsheia til flytebrygga ved Spjotsodd ferdig. I 60-åra vart han ført vidare til Sundet. I 1875 var han ferdig til Brunkeberg.

Den gamle Sundebrua stod til 1898. Då var den 70 meter lange brua i så dårleg forfatning at ein måtte rive ho. Då kom der ferge, men alt i 1899 løyvde Stortinget pengar til ny svingbru av jarn, og denne stod ferdig året etter.

Etter tida er ogso denne svingbrua for svak, so det er i gang arbeid med å få bygt ei ny bru. Den nåverande svingbrua er verneverdig.

Tevling i braubaking

Torleiv Lid

Ein dag i september
hende det store
at kvinnfolki møttes
til tevling ved bordet.

Hjå Bibbi og Olav
som bur borte i lande
skuld' slaget stande.

Frå midten av bygdi
og heilt ut i endan
møttest der kvinnfolk
som helsa i hendan.

Dei kika på deigen
litt soleis i farten,
og mjuka seg upp
litegrand fyr starten.

Klokka blei tri
og dei måtte seg nøyte
og tevlinga byrja –
dei bles i ei fløyte.

Og kvinnfolki sveitta
og takka ho raudna,
og tukthuskjevlet
ylte og krauna.

Og domaran gomla
og smaka og smatta,
og togge på brauet
som nyst låg på takka.

Og då dei ha smatta
og sagt det dei visste
så sette dei premian
upp i ei liste.

Margit fekk fyrste
og Hebba fekk fjorde
fe ho var så snål
og så lagleg ved bordet.

Premi fekk alle
så langt dei ha rukkje,
men some blei diska
fe leivan ha sprukkje.

Då tevlinga slutta
og brauet var laga
var kvinnsfolki trøytt
og heimatt dei sjaga.

For ditt høgaste ynskje
du legg deg i selen:
Få starte i Nordiska
Braudbakar-spelen.

Diktet er henta frå «Viljar»,
bladet åt Morgedal Sanitetslag frå 1957.

Nedre Dalane skulekrins av Brunkeberg sokn.

Av Bjørn Vesterdal

Bjørnflatin skule, 21. april 1925:

Denne skulekrinsen omfattar Ytre Dalan i Brunkeberg sokn. Han strekkjer seg frå Kvinnandalsbekken i sud mot Lundevall krins i Sundbygdi og til Nordigard Dalen i nordvestleg retning. Krinsen hev fleire djupe og tronge dalar. Etter djupaste dalføret renn Dala-åi i stride stryk, og lagar fleire store fossefall i denne krinsen. Skulestoga stend på Bjørnflatin – midt i djupaste dalen med høge og bratte fjell og liar i aust og sud. Mot vest skrår lidi litt jamnare av etter ein sidedal.



Frå Dalane: Lærar Bjørn Vesterdal og elevar

Soli er burte frå 12. november til 30. januar. Er snøen låg på åsane, kjem soli att ein dag fyrr.

Til skulen høyrer ein liten hage. Denne vart kjøpt og fråskilt Bjørnflatin i 1896 til ein pris av kr. 60,-. Jørgen Olavsson Råmunddal var den gong lærar her i krinsen, og det var han som ordna med dette kjøpet. Ved basarar og anna frivillig hjelp frå krinsen og borni fekk han betala og oppbrote denne steinhomen. Hagen vart tilplanta av meg 17. mai 1910. Nokre år fyrr hadde Råmunddal planta nokre tre, men dei daua ut alle saman avdi jordi var for skrinndå. Denne hagen hev ei skyld av 5 øre, og høyrer under jords-nummeret for Homme. Han vart skyldsett i 1919 sovidt eg veit.

Leikeplassen er liten, og her er ingen høveleg skibakke avdi her er so uendeleg mykje og stor stein rundt i kring. Skulehuset er bygd i 1864. Golvet hev ei flate av 5 m x 5,60 m – 28 m² og høgdi er 3 meter frå golvet til bjelkane. Her er 4 store vindaugo 1,69 m x 0,97 m innvendig mål – tvo mot sud og tvo mot vest.

Skuletidi hev vore 32 vikur om året – 20 v. i storskulen og 12 v. i småskulen frå 1921. Fyre den tid hadde me 26 vikur om året – 14 v. i storskulen og 12 v. i småskulen frå 1917. Me hadde 25 vikur – 13 i storskulen og 12 i småskulen frå 1916 og 24 vikur – 12 i storskulen og 12 i småskulen frå 1892.

Krinsen hev vore tvibytt frå 1892. Høgste barnetalet etter den tid var i 1900 med 35 born. Lågast stod barnetalet i 1917 med 16 born. Øvre Dalan var tilknytt denne lærarposten til 1918, men vart då utskilt som eigen post. Sveinung O. Mosstaul vart då tilsett som lærar der.

Etter ein gamal protokoll som vart oppbrend 11. januar 1912 av Birgit Sisjord Dalen og J.O. Råmunddal for skuld smittefåre (skarlakssott), var barnetalet i 1849 for heile Dalane 95 skuleplik-

tige born. Men so budde her ogso folk på mange utenkjelege stader den gongen. Io år etter kom barnetalet ned i 60, og seinare hev det gjenge ned etter år for år. Folki hev flutt ut og mange heimar stend øye.

No er det 30 heimar det bur folk på i denne krinsen og 18 heimar stend øye. Folketalet var i 1920: 134 i Nedre Dalane og 104 i Øvre Dalane. Heimane i sud og vest er desse: Dei plassane som fyrr er nemnt under Nigard Vesterdal. Kvar for seg før omlag ei ku og nokre småfe. På høgdi yver «Det tyske forbund» ligg Kleivmorki – ein god gard som no stend øye. Knut O. Tveit (Lyberg) eig denne garden. Der var busitjande folk til 1907. Det var Knut G. Listaul som åtte garden då. Eikedal ligg jorde i jorde med Kleivmorki og er berre ein liten plass. Vetle og sonen hans Torbjørn var dei siste som budde der til omlag år 1900. Dei flutte då til gamleheimen i Dalane og døydde der. Eikedal ligg under Vestigard Tveit og fødte visst berre nokre få geiter. Vetle Eikedal var den siste skindfeldmakar i Dalane. Etter hans tid vart plassen lagd øyde, og nytta til beitemark. Ikkje betre enn eg hugsar etter den gamle skuleprotokollen som vart oppbrend her, so gjekk Torbjørn Eikedal i skule til han var 22 år gamal. Han var ikkje eismall um å gange so lenge i skulen den tid – fyre år 1860. Det var ikkje so få som var «a b c – lurkar» upp til same aldersgrense. Prestane var ikkje å spøkje med den tid. Dei vilde ha folk til å gå trutt i skulen so dei kunne lære Katekisma si.

Andre plassar under Tveit v. var Kvåle og Skeidal. Skeidal er attlagd for mangefoldige år sidan. Her vart Tormod Borgejordet fødd. Kvåle hev au stae øye i mange år. Den siste som bruka han som plass var Knut O. Kvåle – bror til Auver Bjørnflatin. Denne plassen ligg jorde i jorde med Vestigard Tveit. Vestigard Tveit er ein toleg stor gard med gild skog og kleine hus. Einast stabburet er stort og svært, gamalt og godt, men ikkje utskore. Olav Gravir i Sondbygdi er det som eig garden, og han hev Olav O. Lundeberg som bruksmann der.

Heimigard Tveit ligg litt lægre i nordleg retning frå Vestigard. Det er ein godt dyrka jordveg med bra skog – jamstor med Vestigardskogen. Jordvegen før ein hest, 3 kyr og 1 kvige og 5 sauer. Knut O. Tveit (Lyberg) er det som eig og bur på denne garden. Husa brann ned i 1890, so alle husi som no stend er uppbygde etter den tid.

Listaul ligg eit stykke lenger upp og vest herifrå. Dette var plass under Tveit Heimigard til 1898, men vart då fråseldt til Gunnar Listaul som då var husmann der.

Knut O. Lundeberg bur der no og er eigar av garden. Haugkasin, Kosi og Nordskog hev au vore plassar under Tveit. Husi er rivne for lenge sidan, og eg veit ikkje kven det var som budde der sist.

Millom Bjørnflatin og Tveit ligg Vesterdal gardane. Nigard Vesterdal er ein av dei største i Dalane med gild og fin skog. Knut O. Vesterdal er eigar og brukar av garden. Uppigard Vesterdal er omlag jamstor med Tveitgardane. Bjørn K. Vesterdal med huslyd er eigar av garden frå 1922. Støgebygningen hev Olav S. Vesterdal sett upp. Stabburet hev Gregorius Vesterdal kosta i 1774, men dei andre uthusi er nye frå 1922, og då vart ogso støgebygningen med kjellar og mur omvølt.

Nykos og Midtbøen hev vore plassar under denne garden. Nykos ligg nordom Listaul og vart attlagd i 1901. Den siste som budde der var Aslaug og Halvor Støyle. Berge ligg tett innmed Listaul og stend øye. Olav Vesterdal eig denne jordvegen. Dei siste som budde der som husmenn under Vesterdal til 1903 var Ingebjørg og Johans Bjørnflatin (Vold) Støyle er ein heigard og ligg i nord frå Vesterdal. Olav Bjåland kaupte denne garden ifjor, og selde den snaue jordvegen med husi til Gunnar H. Støyle. Vestanfor Dalaåi midt for Dalsgardane ligg Jusureid Mdtbøen, Hommen og Langlid i ei rekkje etter kvarandre. Aasmund Jusureid eig og bur på Jusureid og hev sett upp ny støgebygning



Arbeid på Bjørnflaten bru over Dala-Ål

i 1920 og nytt fjøs nokre år fyrr. Folaheftet høyrer til Jusureid og er no attgrodd med skog.

Knut K. Midtbøen kaupte Midtbøen i fjor vinter, bygde nye uthus og flytte dit for eit år sidan. Han er ogso fødd og oppvaksen der. Leidulv Dalen eig Hommen og Langlid og budde på Hommen til i fjor, men då hadde han fenge seg nye hus på nedre parten av Nordigard Dalen og flutte dit. Denne nye heimen kaller han Haugerud. Alle Dalsgardane ligg omlag 2 km. i nordleg retning frå skulen. Nordigard Dalen skal i grunnen høyra til Øvre Dalane, men eg tek han med her likevel avdi han ligg i same krinsen. Det er Olav T. Dalen som eig denne garden og bur der. Der er eit gamalt stabbur, men dei andre husi er ikkje mykje gamle. Til denne garden hev plassane Åskleiv, Bergshyl og Haugen høyrte. Åskleiv vert nytta til staule no. Dei siste som budde der var Anne og Eivind Åskleiv (Landsverk) i kring 1895, men flytte so til Amerika. Bergshyl er attlagd for mangfoldige år sidan; eg veit

berre at Knut Hommen hadde kome deri frå. Dei siste som budde på Haugen var Bergit og Gunnar til 1915. Bergshyl og Haugen høyrer no til Gruvekompaniet. Uppigard Dalen høyrer til Sveinung Torjusson som bur på staden. Husi der er nokso gamle. Stogubygningen er drug med ovstore rom. Bergdal ligg ovanfor denne garden, men er no attlagd til beite. Knut Midtbøen budde der sist i 1904. Frankrike er ein bygning som «Gruvekompaniet» hev sett upp i 90 åri. Denne eig Aslak Dalen no, og er busitande der. Hertil høyrer ca. 8 mål jord som er fråskilt Uppistog Dalen. Denne sist garden eig og brukar Gunhild Djuve som enno er ugift. Stogubygningen og stabburet her er gamle. Nistogo Dalen høyrer til Tor Djuve. Han hev bruksmann her og sjølv hev han sett seg upp ny bygning i 1918 innmed allmannvegen og driv landhandel der. Til denne garden høyrer to plassar: Brekka og Stormyr. Husmannen Jørgen Brekka og Olav Stormyr brukar plassane.

Djuvet ligg eit lite stykke nordum Bjørnflatin. Allmannvegen gjeng tvers igjennom jordet. Denne plassen vart attlagd i syttiåri og høyre no til Aslak Dalen. Det høyrer med eit skogstykke til plassen. I vest for denne plassen på andre sida av åi ligg Folaheftet. Denne plassen høyrer til Jusureid og hev vore attlagd minst ein mannsalder. Bjørnflatin er ein bratt og tungvinn liten jordveg som Olav A. Bjørnflatin eig og brukar. Uppi-Hosum ligg litt lenger ut på same sida av åi. Dette er den einaste me ser her i frå skulen. Han er ogso bratt og tungvinn, men god jordveg. Aslak Dalen eig denne og hev Jan Finnkosi til brukar no i år.

Upp frå Bjørnflatin i aust ligg Homme som Olav Såvesson eig og bur på saman med foreldri og syskini sine. Dette er ein gamal og god gard, men tung å koma til frå allmannvegen. Tett innmed ligg Stavdal, som Olav og Andres Stavdal eig og brukar. Stavdal vart fråselt Huvestad so ein halvtjug år sidan. Huvestad ligg då litt lenger aust på øvste åshøgdi. Dette er største skoggarden i Dalane. Jordet er svært bratt ned frå husi. Under bakkane ligg so

ei stor myr med slåtteland i eitt til Hommejordet. Både på Homme og Huvestad er det svært gilde og gamle stabbur. Syskeni på Nordistog Berge eig Huvestad no. Sjodal hev vore plass herunder og ligg i sud frå Sjodaltjønni under Huvestad jordet. Denne plassen er no attlagd. Den siste som budde der var Jens Svollsbru til 1901. Teremyr ligg austanfor Huvestad. Der er mest berre skog no som høyrer til Huvestad. Den siste som gjekk i skule hit frå denne plassen var Johan Teremyr i 1850 åri.

Løkslid og Tjønnheid hev au etter gamalt høyrte denne krinsen til. Desse plassane er fråskilt Huvestad for omlag 10 år sidan. Løkslid stend øye no, men vert bruka av Tor H. Aabø som hev havt jordvegen nokre år. Tjønnhei vert bruka av Aslak Lundeberg. Han eig denne jordvegen og hev største barneflokk i krinsen med 10 born som liver. Når det er so mange heimar som hev folkast av, so er største årsaki den at dei hev vore so små at det hev ikkje vore noko å livnæra seg på, dinest hev dei lege so langt avsides frå allmannvegen, at det hev vore hardt strev å koma til gards etter dei kleine geitevegane, og folki hev vorte meir makelege av seg. Dei vil heller sita i ei stogu utan jord innmed landeveg og handelsbu. Listaul, Støyle og Huvestad hev lengste vegen til skulen nere på 3 km, og svært bratt og tungt utan køyreveg.

Skulesøknaden er bra, når det ikkje er sjukdom som hindrar. Men i dei siste år hev det fare nokso harde farangar um vintrane, so det likevel hev vorte nokso mykje skofting av og til. Etter at skuletidi hev vorte so lang, hev det ogso vore vanskeleg å senda alle borni dit frå fyrste skulen tek til um hausten. Folki tykkjer og at skuletida er for lang no, og bryr seg heller lite om skulen og skulearbeidet. Og so meiner dei læraren hev alt for stor løn. Han skulle helst arbeide i skulen for lite og inkje.

Borni er i det heile meir for seg no enn dei var fyrr i tidi, men dei er gode å halde i age. Velstelde er dei med klæde og nistematen er kake med smør og sukker til pålegg, og dei fleste hev au mjølk

attåt. Fyrstundes eg byrja i skulen frå 1890 – då vart det nytta mykje steikemat i skulen. Og då hugser eg fatigtilsynsmannen skaffa mat til skulen for fatigborni. Eg kan ikkje merke nokon skilnad på borni til å lære leksonsine sine no mot fyrr. Dei er i det heile læreviljuge, og kan for det meste godt bøkene sine.

Det er noko mykje kristeleg interesse i krinsen. Eit serlag som høyrer til «Pinsevenene» hev meldt seg ut or kyrkja og døypt seg uppatt. Dess hev sine samkomor tvo gonger i vik ,og byrjar møti sine med song og spil og sams bøn på kne. Deretter kjem talur og vitnemål frå kvar som kjenner seg kalla til det. Og det er mest alle som høyrer serlaget til og sumtid andre og.

Her vert ikkje arbeid so lite for misjonen hell. Folki ellest er strevsame og onnige og vil jerne vera sjølvhjelpete so dei ikkje tar vera bygdi til tyngsle, so er dei gjestefrie alle stader, og ikkje redde for å gjeva burt eit matmål. På mest kvar gard driv dei og dyrkar på jordi litt til kvart år, allvisst i den seinare tid. (Nydyrking).

Eit ungdomslag er her med eige hus 18 m. langt og 16 m. breitt, midt i bygdi – oppsett og tilvølt i 1902 av Knut Hestehagen (Ståland). Landsmålet vart samrøystes innført som skulemål her i krinsen 2.jan. 1901. Gunhild B. Vesterdal var då krinsformann og målstrevar, og her vann landsmålet ein lett siger. Krinsformannen var den gongen hovudet her og alle andre gjekk alltid med på forslaget hans. Gunhild B. Vesterdal hadde ellest fyrr ført forhandlingsprotokollen for krinsen på landsmål. Ho var krinsformann her frå 1890 til 1909.

Frå 1850 til no 1925 hev desse vore lærarar her i krinsen:

1. Hans S. Vesterdal	lærer	1848 - 1853
2. Svein Nystaul (Ordal)		1855 - 1860
3. Tarald T. Dalen		1860 - 1862
4. Egil Midtbøen (Ordal)	lærer	1862 - 1863
5. Knut O. Laupedalen (Br.berg)		1863 - 1879
6. Kjetil Sakkrissen	vikar	
7. Gunleik O.Dalen, sakfører	vikar	
8. Tallev T. Dalen	vikar	
9. Johans Brauti, (Sundbygdi)	vikar	
10. Halvor Strand (Morgedal)	vikar	
11. Olav S. Gjörvad (Geiranger)		
12. Olav Svor (Horningdal)		
13. Tallev Botne (Grungedal)		
14. Arne Langeland (Hardanger)		
15. Johannes G. Sollid (Morgedal)		
16. Jørgen Råmunddal (Morgedal)		
17. Bjørn Vesterdal (Dalane)		

I småskulen hev desse vore lærarar:

1. Åshild Svolslug (Gjevedal)
2. Jørgen O. Råmunddal
3. Tone Råmunddal
4. Olav K.Sakkrissen
5. Bjørn Vesterdal
6. Gro Heggveit
7. Birgit Sisjord Dalen
8. Helga Landsverk
9. Åshild Homme

Segner frå Kviteseid

B.Th.Anker

I mi tid gjekk tradisjonen i Kviteseid so langt attende som til sokneprest Jens Zetlitz og futen Florentz.

Florentz var eidsvollsmann, men ikkje akademikar. «Norske juristar» heitte dei etter 1814; dei kunde ikkje latin; men Staten var glad til.

Då krunprins Oscar ein gong spurde Florentz: «Hvormeget kan De tjene om året, foged?» svarte han: «Per fas et nefas kan det beløpe seg til 1500 daler, Deres kongelige høihed!» «Er De norsk jurist, foged?» «Ja, Deres kongelige høihed!» Ein latinar som hørde desse replikkane, spurde Florentz etterpå: «Vet De hva «per fas et nefas» betyr, foged?» «Ja det betyr: så omtrentlig». «Nei det betyr: med rette og- urette!»

Jens Zetlitz var den same glade diktaren i Kviteseid som i Kjøbenhavn. Då sorenskrivaren ein gong vilde erta han: «Hvorav kommer det at prestesekken aldri blir full?» svara Zetlitz: «En urettferdig dommer har klippet hul i sekken!» Sovorne svar levde på folkemunne i 90-åri.

Døtrene til Zetlitz gifte jeg med bønder; mange kviteseidingar ættast frå dei. Men ei av døtrene vilde gifta seg med gardsguten på prestegarden. Det vilde ikkje far hennar. Han tok eid av gardsguten at han ikkje skulde taka henne: «Gjev nakken min må rotne um eg gjer det!». Zetlitz kjende seg likevel ikkje trygg. Vettars tid køyrde dei um fute garden når dei skulde upp Bandak. Zetlitz bad difor futen Florentz passa på. Ein dag frette futen at eit mis-tenkjelegt par hadde køyrt framum. Han sela på og køyrde isen til Lårdal. Men han kom for seint: dei stod alt for altaret i Lårdals-

kyrkja. Det heittest at brudgomen kjende ei kald hand som tok han um nakken. Han fekk kreft og døydde, fortalde folk.

Nissedal var den tid anneks til Kviteseid (eller «Hvidesøe» som bygdi heitte på dansk!) I Nissedal budde ein «residerande kapellan». Han heitte Topp, og var ekte fødd danske. Mange soger levde um Topp. Han var ungkar. Zetlitz og Florentz talde han til å fri til jomfru Crøger (syster til Olea Crøger, som seinare gav M. B. Landstad so mange folkeviser). Topp gjekk av stad og fridde soleis: «Dydsirede jomfru Crøger! sogneprest Zetlitz og faged Florentz har rådet mig til at henvende mig til Dem. Og nu spørger jeg om De kunde holde ud at bo i det ensomme Nisserdal?» Ho fann det sårande at friaren skaut seg inn under andre! han burde funne på det av seg sjølv! Og ho svara nei. Folk meinte ho seinare trega på det; ho vart aldri gift.

Det vart ikkje Topp heller. Han heldt seg sjølv frukost og kveldsmat, men åt middag hjå lensmann Bakke. Tidt hende at han i distraksjon gjekk framum lensmanns-garden lenger upp i bygdi. Difor sette lensmannen smågutane sine til å passa på. Ein av dei, seinare distriktslækjar Andreas Bakke i Lårdal, hev fortalt meg dette. Gutane stod attmed ei grind når det leid til middag. «Der kjem Topp». Han gjekk jamt i ein gamal prestekjole, det totte han var billegaste klædi. Gutane opna grindi, og tok tak i snippen av prestekjolen utan at Topp gådde det. Når dei so kom til troppi si, streka dei, stramma taket, og ropa ptro! Topp skoda ikring seg: Å ja, det var her han skulde inn! Dette tok seg upp att dag etter annan.

Topp hadde berre ei preike, som han heldt kvar sundag. Nissedølene brydde seg lite med å gå inn i kyrkja, dei kunde den preiki. Derimot hadde Topp tvo brure-preiker, ei billegare og ei dyrare. Folk lydde vel etter um brudgomen hadde betala for den dyrare. Ein gong brudgomen hadde gjort det, tok Topp i distraksjon til med den billegare. Ei skrøpeleg brure-tekst var det: «Alt kød er

som græs og al menneskens herlighed som græssets blomster». Då hogg brudgomen inn: «Tru ikkje far tek feil? det var ikkje den med graset i eg skulde hava!»

Topp samla seg upp pengar. Han tok 12 shilling for å veksla ein dalar. Pengane sine gøymde han i eit skrin under sengi.

Lensmann Bakke sa: «Det er utrygt å gøyma pengar soleis! vil ikkje presten setja dei i ein bank?» Nei, Topp åtte liti tiltru til bankane. «Enn hjå kjenningar i Danmark?» Nei, han hadde ingen han leit på. So lenge Topp var i Nissedal, berga han seg. Men so vart han sokneprest i Drangedal. Og der hende det ei nott at Ole Høyland kom seg inn og tok heile pengeskrinet medan Topp låg og sov. Det tapet tok livet av Topp, sa dei.

Topps ettermann i Nissedal heitte Musæus, bestefar til sokneprest Musæus i Lårdal. Um bestefaren er fortalt at han vart sokneprest i Valle i Setesdal. Han flutte på vetterføre, med mange hestar og mange sledar. Det tok veker og dagar. Dei natta yver på mange skyss-skifte. Elleve born hadde han med seg. Kvar kveld laut han telja um dei var der alle. Ein kveld var berre ti innkomne. Dei ut og leita, i ein sluffeslede fann dei eit sovande barn i ein fotpose!

På Valle prestegard hev eg sjølv set eit langt solid bord frå den tid. Borni hadde slege sund so mange tallerkar, og det var so vanskeleg å få nye, at Musæus praktisk hola ut elleve hol i bordet, og so fekk kvart barn sitt hol til maten sin. Det bordet stend der vel enno.

I Kviteseid fylgde tvo slike namngjetne sokneprestar som M. B. Landstad og biskop Folkestad. Men samhovet millom prest og kyrkjelyd var ikkje alltid lett. Då Landstad klaga yver mykje rusk i reide-kornet, fekk han til svar: «Det er mykje hark i preikene dine au!» «Eg kan ikkje tenkje meg noko betre prestesliperi enn i Sundbygdi.» sa ein tele til meg.

Sokneprest Knudtzon var det som forsvara danselagi hjå embetsfolki og lasta dansen hjå bøndene: «Det skal kultur til å danse», sa han. Telene meinte det synte meir kultur i danselagi hjå bøndene: ungdomen var då skikkeleg påkledd der, medan dei dansande damene hjå dei kondisjonerte var halvnakne.

Etter Knudtzon kom sokneprest Moses. Det fortaldest at både han og frua hans var so tjukke og breide at dei laut køyra i kvar sin breid-slede. Prestefrua hadde «tvi hokur» som gnissa slik innpå kvar andre, at ho laut leggja vatt i millom.

Moses tok son sin til kapellan, Henrik Moses. Henrik vart folk glad i. Det var han som var uppe til preste-eksamen med ein som heitte Pharo. Professor Caspari laga då eit av sine udøyande ordlag: Moses slapp gjennom, men Pharao druknede!

Etter Moses vart det skipa eit nytt kapellan-embete i Kviteseid, kalls-kapellani; med ei sveiteløn på 1400 kr. året.

Staten seide den store tradisjons-rike prestegard, attmed den vyrdelege gamle Kviteseid-kyrkja. Kjøpte so att garden Moen i Sundbygdi til prestegard. Det var eit låkt byte, og ein låk handel i det heile. Moen ligg slik, at flaumvatnet gjeng inn i kjellaren. Og tidt ligg tjukk skodd yver garden. Vetters tid er det jamt fleire kuldegrader meir på Moen enn elles i Sundbygdi. Men «Hyttebyen» hadde vorte eit nytt centrum. Dit flutte alle. Til sist laut dei byggja kyrkja der. Gamle Kviteseid-kyrkja kom reint i skuggen. Berre nokre få vender um året hev ho gudstenesta, for vyrdnad skuld.

Kviteseid prestegjeld er enno veldig stort, endå Nissedal er fråskilt. Heile Vrådal høyrer med, alle Bandak-straumane frå Kilen til Apalstø, grendene Sundbygdi til og med Ås-grendi i Selgjord, heile Morgedal og heile Dalane. Hadde folket sett store krav til presten sin, kom presten snart til å slita seg ut.

Segner frå Kviteseid er henta frå boka «Morosame små-stubbar med ålvor iblandt», utgjeven i 1943.

Kringom trædveåri

Björgulv Sandåker

Du som æ utette – gött uppi åri, finn vel ikkje noko særleg her. Men om nokon av dei onge skulle finne noko rart i 60-70 år gamal søgu, so slepper eg nedpå nokle or. Rettskriving prøvar eg 'kje på eivende, for den eg lærte om i båneskulen he blive so rupla mæ seinar at eg bli vill. Den seinste formi kann eg 'kje hell på nåme nere. Men fær eg lov å skrive slik som eg tenkjer å rør, so durar eg iveg.

Jørgen Råmunddal, f. Gjersund, fann på å hyse her på Haugan i 1910, å tok te å handle. Svein Sollid, på Brekke, lafta upp timra. Vejjesal, bjølkar å alt æ skanta. Bjølkan i stògo, so fine at. Pussa mæ høvel, ja. Men åsar å raftar å mange bjølkar blei lagde på plass ronde som d'i va. Stærke slik. Men det som stakk fram onde utskoti maksla d'i so fint te. Ikkje som nå – bare rett å slett. Men mjøle drys den dag idag når eg lear på borkjen på raftan oppå treve.

Ja, Jørgen starta. So handla far å bror'n Knut nøkle år. So Anders eit par. Seinar far i mange år. Eg kom i 21 og minne mitt hev eg frå -25.

Besta å boni, Tallev, mor å Torjus budde då på Uppl-Haugan. Hemmestveit som d'i ha' ætt å navn ifrå, kom på handel, å d'i kaupte. Denni flyttesjauen minnest eg, søvitt.

Hjartdølen Hans Øien kom te Haugan. Han dreiv kræturhandel ve sida av gardsarbeie. Kaupte upp – helst ongdyr, å dreiv d'i te såmmarbeite i Storheller – innom Songa. Selde att om høsten – helst på dyrskun. Jekk som tiast bra de, trur eg.

Vareruta den gong va Tallev å Bron'n. Han sleit fælt upp Bronkebergbakkan mæ lassi frå bryjja. Men han slapp Omlandsbakkjen og Fossjordbrekka, for nyvejen jennom Omtveitkasin og Svolsbrufjølle blei opna i 1921. Eingong eg va krimsjuk og hosta meg mest i armoi, venta eg so på Tallev å Bron'n, for dei skulle koma mæ dropar frå apotekje. Eg va veldig sterk i trui på dei, og venta s'att. Gott utpå kvellen kom «vareruta», å eg fekk gløypen i teskjeii. Nå, då vel! Men om det store omslaje kom? Nei, de hev eg glømt. Kanhende at trui fekk ein allersoliten knekk.

Eg tenkjer av å te på Bron'n. So trujen ein tenar. Han måtte møte båt'n ve bryjja når det passa kån, om graderan visa + 25 ell -25. Ikkje so få honderkilossekkjir blei lagde på firejulsvogni om somro. Jønnskodde julir jekk ikkje særleg lett på grusveg som ikkje va so slett at de jor noko. Men Bron'n jekk på mæ krom hals, om han visste hòss tong den fysste halvmili va. Då va de herleg å koma te vasskupa, ell' milepæl'n «Vasskupa» mitt i bakkan å få so mange gløypar ein bare trong av det kjølige vatne. Å ein stein attom ei jul va nok te å få fri frå lasse ei beite. Då trur eg nok at Tallev hyfsja litt på silen her å der so svette – klabbe onde bogtreputun, å mei te, fekk lit luft. Tri seige år te, men då kom jelpi. For far kaupte ein bruka fotsjalta ett tonns Ford (30 hestar ?) av Naper'n i 1928. To gir på'n. Starta på det låge då, veit du, på bryjja ve å trø ned venstre pedal'n, å so hall'n nee heilt te Bronkeberg. De tok ti, for de jekk smått. Då va de gøtt for ein sjelven fot å sleppe upp pedal'n. Dermæ va Ford'n i høggrir, å tusla kanskje heimatt på de. Pedal'n i mitten måtte brukas når ein sille høpa. Den høgge – bremsa som nå. Når håndbremsa va på, sto han i fri, so ein konne fram å sveive igang motor'n.

Arne Sonds barm, ell' Risinjen som me au sae, plondra å kjørde i Sondbygdi mæ same slaje. Men denni kåns måtte vera den fysste her i bygdi, væll ? Den neste kåm snart ette, fe Anders Gjersund bjønda å handle på Odden i 1928/29, å trong bil han au.

Landsrenne i 1928 va et stort lyft for denni vesle bygdi. Men det gjekk de au. Kring 1500 møtte upp i Huslibakkjen då. Mælaran sto mæ fiskestengar å ruvla ut nedslaji etterkvørt. Te bjønde mæ va de mange stutte hopp. Men so kom de ein – bøyhæring ? som jor et græhopp på 50 meter. Då måtte den neaste mælar'n au lea på seg. Å når han pussa ut mæ stonji ropa'n uppivi te dei andre: De bjøndar å bite hera au nå!

Åre ette for de fæle hagglele. Kom durans lissom frå Lårdalskant'n. For ivi Dalan, Morgedal å Ordal – å traut visst i Flatdal. Varde mest ein halvtime. Hagli konn visst finnast upp mot ein å ein halv tomme. Dei øyla åkrar å eldre flistak å smadra vestvende rutur. Å skojen fekk bank. Flatin låg kvite, å neom bakkar å reinar låg skavlar av hagl. Fæle greiur! Mange fekk då nokle kronur for avlingsskadd grøe.

Te den neste bil'n (ein 31-mod. mæ ånoslags giring) spikra me ihop tri heiltupp stødige benkjir av sagabor – mæ ryggstøe. Ni stykkje fekk då plass på læmen mæ låge siefjolar. Men fart'n va kje stor, skò eg sei deg. So tryggleikjen va gøttsom ivaretekjen. Å billett'n for ein kjørketur va 25 øre.

Ei liti skrape, snøtt ein å ein halv meter brei mæ to stillbare bla, va veghøvel då. Hestan måtte slite å draga. Mona ? Ja, litt va de vel, men. Mitt i vejen va de ei stripe, laus som ein åker. Jønnskodde hestehøvar sytte for de. Navne va, enkelt å greitt – Hestegånji.

Dei dagan post'n for, då va de jamt folksamt i bui i kvellingji. Dei møtte i god ti, dåvisst om vet'n. Å gamle Olav sa so mykje løglegt. So når han va i rette gjæe, å bjønda å vritast mæ Bjørgulv, han som jamt jors på å tverke seg, ja då va de'kje dauvlegt i Hauganbui. På filleføre drog de ut fyri post'n kom, å då kunne «kulturkvellan» vara nokso mange timar.

Guttorm Norjordet kjørde post'n i årevis mæ blakka då eg va gutonje. Ankvør dag. Knut Krossbakkan bare eitt år. Så kom Ingebjørg Bjåland – som blei te Råmunddal. Nei detta æ for innvikla. Imma æ nok, ell' Imma Post. Kom ja – i 1933. Ho sykla å sparka post'n fram i 23 år. Handla seg bil i -56 å helt på ialt 42 år !! Jer de ette. Nei, du greier de 'kje.

Some våga seg på sylvrevavl i 1929. Lotterispil – ja. Men de blei helst forteneest, å snart fekk dei fleste seg ein revagar. De kom mange sjekkar mæ koslege tal på då te jol å utette vet'n frå Håsted og Nordiske skinnauksjoner, A.M. Vik i Oslo.

De va 'kje skuleskirenn hell då. Men Ove Bruhaug sette i gang for eigje regning. Utkoma va nok ne mot null. Men han fekk te mykje moro for ongan. Oveløypi va gille greiur, som me minnest mæ glæe. Takk for tetakje, Ove !

Bøhærinjen Hellek Roheim kjørde rute Bø-Odda i mange år mæ ein sjusæters kalosjebil. De var 'kje vår, men nesten jonsok då vegkaran endeleg fekk møka ei smal renne so bilan smatt i Dyreskar. ope i 3-4 månar – so tetna fjøllvejen te att. Hestar drog heimjorde treplogar på vegstykkji/rotan som blei tedela i møte mæ gamlelensmann Gunleik. Men so kom omslaje. Bil'n, veit du, kunne brukast te brøytekraft au. Alfred Myran fysst ute her, trur eg. (1929-30 ?). Men Gjersund'n va 'kje langt ette. Å nå va det slutt mæ å draga plojen.

Sauedriftin va årvisse. Sælends å Treskows va dei støsste. Å koma bakate å gjænom driftin mæ bil, de va slett ikkje enkelt. So blei de fort slutt au når biltale auka. Gòtt for sauin, som seinar fekk «sita på» dei 10-20 milin te fjølls.

Olav Leirlid kjøyrde bilen fe far. Å løni fe ein tur te Skien ette varur va to kronur. Mot slutt'n av tredveåri auka prisan, so då ha Versto'n tri å ei halv. Når eg lappa hòl for Storkås'n å strødde

sand på hålka i 1940, fekk eg tri kronur timen for lastebil'n. Bra det den venda.

Vegun va so blaute om våro når klakjen jekk upp. Neonde Stråndi å Loftshaug va værst. Der måtte ein kjøyre på plankegangar omlag ein fot breie fe kvørt spør. Måtte sikte gòtt, fe den som spora av fekk mykji plonder. Å den som kom heilskinna fram på Bøflatin på plankar som låg ivi lonsardikje av leire, va endå heldigar.

Timmere for vassvejen te Kviteseid då. Som ei lang ånn de au, om våro. Mange ville jønne ha, å fekk, arbei mæ å fløta. Moro for ongan å fyje mæ på – ja vaksne au. Av åkaran minnes eg best Tarjei Fossjord. Idrettsmann – spræk å fæl – sprang på stokkar som flaut. Ja, Karl Kallåk va vel 'kje kleinar han. Heile hurven va jamtivi spræke karar. Nordvest'n va ein go ven å jelpar som sku-va rette vejen. Men va det stilt ell' sonnadrage, måtte dei gange i tjønnkanten å draga tekstan. Somtir måtte dei vasse mest te skrivs for å nå ein stokk mæ hakjen. Å at dei ikkje blei gòrrsjuke av å vasse i de kalle vatne halve å heile dagan, æ ei gâte. Men de blei dei ikkje. Vallmål ?

Mange sat i Hemmestveitbakkan å såg når tekst'n blei opna å dammen sleppt laus. Hondervis av kubikkmeter for utivi foss'n ne i Svolsbruhòle å jænom ein trong dampedal som va plondresam heile vejen. Stokkan va lange au, ser du. 18 halvmeter, trur eg, so det vasa seg fælt mange vendur, å løysinji kravde kløkt. Farar lura kvør dag, men det gjekk vist gòtt. Torleiv, ein av gran-nan mine, bar titt dambøi te dei som måtte passe seg å sitt langs åi heilt te Syftestad. Sykla, sprang å jekk. Måtte reise tileg for å rek-kje skul'n som bjønda kl. åtte. 50 øre venda.

Den sama Torleiv'n va på Dyrflatstålan ein sammår å bredde ette tri sláttekarar. Travelt nok de, fe some sta va de so tonnt at ein måtte raka ihop te breiur som va svinte å høye når eli truga.

Fire kronur og femti øre fe viko då. Mátte stræve lænje mæ å tene te konfirmasjonsdress'n, som kosta femåfórrtjuge kronur i 1931. Fjort'n kronur viko i slått'n i 1935. Lærarlóni ront seks tusen i åre.

Johans på Skare va lærar her i utbygdi i mange år. Mange gongur rugga han upp bakkan te Skare te måls. Då blei frikortele tøygt litt, å me fekk løype lenger. Bare bra. Når de ha kåme passa mæ nysjo, va de moro å hõppe i ubrøyta på reinar å ufsir i Skarsbakkan. Neslaje va so tydeleg då. Men me mara å løypte so då at nysjo'n blei fort uppbruka.

Eg minnes vassbytta i skulestøgo, mæ ei ause for alle. Men me fekk snart kvðssin pæl. Vatne måtte ordensmennan hente i rennansbekkjen, der me titt måtte slå høl i is'n for å få bytta ne'i.

So kom niande april. De jekk velso ei viku fyri tyskeran kom uppivi her. De va vistnok lagt sprengladningar i vejen i Seljejuv. De va røur då om at de va fikla mæ detti so de ikkje skulle virke. He'kje fænje skikkeleg greie på de. Iallefall: Omlag 40 meter sud for jupaste gløva i juve blei minst 15 meter av vejen sprengd ut fyri soldatan kom. Men etter få timar va hòle fyllt mæ stein og krigaran rulla vidar.

Eg tek 'kje mæ mei frå dessi fæle åri – bare ei hærme. De va nau, og mangel på mest alt. Å tobaksnau va visst noko av de værste som konne bævast et mennesje. Fossjor'n, som ha vøre tobaklaus i dagavis, minst, måtte reise tomhendes frå bui att ein dag. Han såg heilsvart på tilvære vist, for han snudde seg i dynngrutt'n å sa i de han let att: – Ja, ja – de fær taka ansvare sjave ! (Trudde kansje me rasjonera for hart – at me konne ha ein snabb på lur ?).

So må eg få mæ turan mæ «fille»-kjeringar, som dei blei kalla, te spinnerie i Lårdal. Etter klyppinje måtte dei dit kvør høst å byte bort ull å fillur i metervare, gån te veven heime å blankisar. Pruta

å handla mæ Kleve å Strømstad. Ikkje mykji rasling mæ blanke kronur, men litt. Bakpå lasteplane va nok litt gruste på den ti av åre, om det va høge lemar og presenning på. Men det va jamt stappfullt å tett sekkjestabel bak. So det blei vel ein slags yl inni der.

Leirli'n – va vel helst han som va «operator» på dessi turan. Han toss jysleg moro å gapa seg mæ di, å fekk svar i haugevis bätte mjuke å skarpe. Ha'o jyldig gronn tru ? – ho som ba om å få sita frammi fe ho blei sjuk bak. Du anar kanskje at detti va glæ turar mæ høg stemning. Men litt etter krijen va de slutt på den moroi au. Nei – injenting æ som førr. De æ vel gøtt au, men – . De æ som ein må lure somtir.



Sandåker-Bui i Morgedal, med skulen i bakgrunnen

Roholt-kirkene og nykirken

Else Løvi

Steinalderfolket kom til Vrådal omlag 10 000 år f.Kr. Antakelig kom de padlende i skinnbåtene sydfra og opp Nisser (den nederste sjøen). På østsiden av vannet, ikke langt fra Findreng, i Bjårviki, har de holdt til. Der er funnet skrapere av flint som taler sitt tydelige språk. I vannet var det fisk, i skogen og på fjellet dyr av mange slag, det å overleve var ikke noe problem. Bjårviki var som skapt for et lengre opphold, et lagligere sted for fisker- og jegerfolket å slå leir, fantes knapt.

På vestsiden av Nisser, i Fjone, vises gammel hellemaling, så her har det vært liv og virksomhet i Bronsealderen (1800-500 f.Kr.).

Fast bosetting i Vrådal er sansynlig fra folkevandrings- eller vikingtid. De første som kom til Vrådal kunne vel bare velge og vrake hvor de ville slå seg ned på dette naturskjønne stedet. Ikke rart de valgte det mest idylliske og det minst slitsomme bostedet på en haug med utrolig vakkert utsyn til Nisser med øyer, bukter og sund. Store flate marker ned til strømmen som forbinder Nisser og Vråvatn. I jorden er funnet en tykknakket øks av flint, det sier litt om tidlig aktivitet her.

Gården ble Roholt og navnet peker vel til ro eller krok, da den ligger der Nisser og Vråvatn danner en krok, en ganske «sterk» vinkel. I tidlig og senere tid var gården stor i utstrekning. I senere tid rakk den fra Lønnegrav i syd til Nordbø i nord/vest. På vestsiden av Vråvatn fra bytet med Kråkenes til Flatland grend.

Ikke langt fra den nordvestre enden av Vråvatn ligger gården Vrå. Navnet tyder avsidesliggende sted eller krok. Ting tyder på at denne gården er eldst i Vrådal, både bygda og vannet har fått

navn etter den. Litt lenger nord på østsiden av vannet ligger gården Hægeland (oppr. heilag= hellig og land). Navnet forteller at stedet har stått i et eller annet forhold til den hedenske gudsydelsen, og sagnet forteller om et hov her, og en mindre gravhaug. Hægeland må ha vært en betydelig gård, til den hørte Vråli, 15 mindre plasser og Bukkøy. Det heter også at det var på Vråli og Vrå at det først ble bebodd igjen i Vrådal etter Svartedauen.

Om «dette er rett», må Hægeland i hedensk tid ha vært kultstedet for øvre Vrådal, og Roholt for den sørøstlige delen. Gården Vrå derimot, har etter det vi vet, ingen synlige merker etter hverken horg, hov eller kirke, tilmot forat den var ryddet omlag på samme tid som Roholt, og var som den også en stor og rik gård. Etter Vrå i rydningsrekke følget Hægeland og Flatland.

Men sott og pest gjorde også her sitt øyingsverk, i 1647 var Hægeland nevnt bare som «en ganske ringe gård».

Meget tyder på at gården Roholt hadde en dominerende stilling i bygda, her ble tidlig et sentrum, her bodde bygdehøvdingen og i nærheten er det lov å anta at hovet lå. Antakelig på samme sted kom senere gårdskirken, stavkirken, – den første kirken i Vrådal. Den tjente siden som bygdekirke og hørte under Kviteseid prestegjeld.

Tingplassen lå gjerne på storbondens eiendom, kanskje lå den på Nordbø, namnsett fra Roholt og som fra tidlig tid hørte til den vidstrakte eiendommen. Like nord for gården er en flat slette på omlag 12 dekar, laglig både til tingplass, hesteskeid og annen leik og gaman. I nyere tid ble den benyttet til ekserserplass.

Høvdingen på Roholt hadde det meste, en stor høvelig boplass, en vidstrakt jord- og skogeiendom med fiskevann. Hov og tingplass og siden kirke i den umiddelbare nærhet. I nordøst en mektig, skjermende fjellrygg (1005 m o h) som fikk gårdens navn. Her

gikk det tidlig en «snarvei» opp bakkar og ned berg for samkvem med Kviteseid. Ikke rart at den gården overlevet harde tider som skulle komme.

Kristendommen kom også til Vrådal. Hovet ble revet og i stedet reiste en liten stavkirke spiret sitt og løftet korsmerket på Roholtgårdens grunn. Den søkende møtte mystikkens vesen allerede ved inngangen til dette dunkle kirkerom. Bare gjennom små runde glugger under taket sivet sollyset inn og ble til et dryss av gyldent glitter. Mot koret og over alteret lå det som et fargesvøp av blått krystall og matt gull i kjertenes milde skinn.


Byggåret for denne helligdommen kjenner vi ikke, men vi kan anta den ble til virkelighet her mellom de hvitstammede bjerkene på samme tid som søsterkirkene i Eidsborg, Øyfjell, Lårdal og Høydalsmo, omlag i perioden 1200-1300. Kirkene i Eidsborg og Øyfjell skulle være svært like, så en kan gå utfra at Roholtkirken ikke skilte seg nevneverdig fra disse, hverken hva utseende eller byggår angår.

Takknemlig må vi være for at Eidsborg stavkirke fikk plassen sin på berg – Eidsborg-berget. Og slik reddet dengang også to ungdommer livet. De var dømt fra livet, men skulle få beholde det hvis de kunne skaffe nok jord til kirkegård ved kirken ! Betingelsen var at de måtte bære jorden i forkledet sitt ! Jentene greide det de, og faktum er at kirkegårdsmulden er en annen enn jorden ellers der omkring.

Men Roholt-kirken ble desværre ikke bygget på fjell, og som de øvrige nevnte kirkene, unntatt Eidsborg-kirken, gikk også denne sin undergang imøte. Den er lite omtalt, men nevnt i 1395 og i 1668 har den fått samme dårlige karakteristikk som de øvrige stavkirkene i «familien». De hadde flere felles trekk: de var på hvert enkelt sted de første kristne gudshus, de var sansynligvis stavkirker med mer eller mindre utstyr eller utsmykking. De opplevet

Svartedauen, reformasjonen, og i etterreformatorisk tid opplevet de å bli kongelig eiendom. Desværre. Det innebar at når kongen manglet mynt til krutt, kuler og slott til elskerinnene, ble de enten solgt på offentlig auksjon, eller til den som privat bød høyest.

Så opplevet de alle også noe av 1600-tallet, men da var de i slik elendig forfatning at de hardt og brutalt ble dødsdømt. Revet. Verdifulle ting ble sendt til København og Oslo, deler og gjenstander spredt rundt i bygdene, «planker med eller uten maling» brukt til ved, osv. Lenger orker en likesom ikke dukke ned i dette triste kapittel av vår kulturhistorie.



Den gamle kyrkja ved Roholt, måla av Louis Moe i 1881

I 1668 var omtalen av Roholt-kirken «den vanlige»: «en gammel trækirke af stolper bygt, og så brøstfældig at det for nogle Aar siden besluttedes at den skulde af ny opbygges».

I 1686 ble ny kirke bygget på samme tuft og innenfor den vakre gamle steingarden som fremdeles er ramme om den idylliske kirkegården med graver og gamle kors. På to sider består denne av steinheller eller mur, der det ikke er steingard nå.

Om byggmesteren går det som vanlig det samme sagn, at han var fredløs. Men han skulle bli fri hvis han kunne bygge en kirke det ikke fantes maken til. Kanskje kom han fra Trøndelagen, var kirkebygger og kjente slik til den oktogone (åttekantet) kuppelen i barokk stil på Nidaros-omen. Og tro det eller ei, Roholt-kirken ble oktagon og i barokk stil, og skulle være den eneste i landet med denne sjeldne form. (Nå er det flere). Det var ikke uvanlig at deler av Nidaros-omen (påbegynt omlag 1152) inspirerte kirkebyggere i mellomalderen.

Vakker ble kirken, vel proposjonert og med 3 vinduer delt i småruter, et høyreist tårn med spir som raket langt opp i det blå. Så solid var den bygget at ved rivingen i 1887 fant fagfolk ut at den kunne ha stått og gjort sin tjeneste i mange år til.

Kunstneren Louis Moe kom som ung gående fra Arendal til Vrådal i 1881 og har malt det eneste maleri som finnes av kirken. Frans Holst, en prestesønn, fotograferte den, så her behøver ingen ty til fantasien når det dreier seg om kirkens eksteriør. Presten Reinert Svendsen (f. 1849) bør minnes i takknemlighet for han sørget for å markere omrisset av kirken ved stein lagt ned i bakken.

Materialene var stor, malmet furu fra skog i nærheten. Konstruksjonen av takverket med himling og tårn må ha vært særlig interessant, for alt synes å være bygget opp på den åttekan-

tede laftekassen. Stolper gikk ikke ned i kirkerommet (som på stavkirkene). Da kirken ble revet, var den kledd og rødmalt, både inn- og utvendig.

Storfolket i Vrådal kom til kirke til hest eller med båt. Andre gikk eller rodde eller begge deler, – alt ettersom.

So rodde dei fjordan
so køyrde dei strondi
so rei' dei lidan
so vassa dei sundi.

Slik tenkte lyrikeren Aslaug Vaa seg dette tidsbilde, inspirert av sin mors fortelling om kirkegang i Vrådal i tidligere år.

I nærheten av kirken var det høvelig å hvile litt og å skifte fottøy. Her et sted het det «Brurestuvane», for her var det et brudedefølge som først skiftet fottøy. Her satte de fra seg treskoene og tok på seg stasskoene, håndsydd av lær eller skinn, med eller uten «dufser».

Folk var gjerne ute i god tid. En kirkesøndag – særlig vinterstid – var ingen hviledag. Det var å stå opp i otta og være ved kirken i tide, for «kirkebakken» var et viktig treff-sted, her møttes slekt og venner som bodde avsides og var sjelden i lag. Her ble siste nytt fortalt og helst «forstørret», det kunne jo sette en spiss på samkomme. Avtaler og kontrakter ble inngått, gammel kiv og splid slettet, ungdom så hverandre kanskje for første gang, slekter kunne knyttes sammen.

Høytidsstemt skred menigheten inn i helligdommen. Ble ikke møtt av lun varme fra knitrende varmekilde i hjørnet. Heller ikke av stemningsfull orgelmusikk fra oven. Nei, her var dengang ingen oppvarming, heller intet «tonefylgje». Det ble å sitte, helst stille, og «lye» en langdryg messe tilendes. Til overmål fremført på dansk mål ! Prøve ikke å sovne. Ingebjørg Gravjord fra Bø er

husflidsekspert. Hun kan fortelle om fingervanter UTEN fingertupper, som ble brukt av menigheten i de kalde kirkene når de skulle bla i salmebøkene.

Men messen går sin gang og folk fryser. Klokkeren var den som kom best fra en slik messesøndag i streng vinterkulde. Ned mitt i kirkerommet hang klokkesnorene med snodde speniler av jern. Klokkeren skulle ringe inn og (særlig) ut, og da den stunden kom, var han like forfrossen som den hele kristne menighet. Men dette ble allikevel for ham en salig stund ! Med både iver og glød kunne han formelig kaste seg over klokkesnorene, stikke kaldstive never inn i spennene og vippe seg i hurtigtempo opp-og-ned, opp-og-ned, mens de lange frakkeskjøtene gjorde det samme, opp-og-ned, opp-og-ned i takt med klokkeren!

For å tine opp folk ved messeslutt ble det skumlet om salg av brennevin utenfor kirkeporten ?

Klokkeklangen lå som en lang, fin ljom i luften over Vråvatn. Det ble hevdet at den kunne høres til Vråløsen i nordenden av vannet. Klokken kom tilbake fra Roholtsfjell med sin lyse sølvklang.

Slik tenkte Aslaug Vaa seg en sommersøndag etter messeslutt:

Og sundan og nordan
dei helsa i hendan.
– So rodde dei fjordan
so kjøyrde dei strendan.

Men, – folk ble trett av kirkens beliggenhet, de ønsket den nærmere Vråvatn. Det fantes ingen kjørevei på sørvestsiden av vannet, og på nordøstsiden gikk veien i nyere tid sydfra bare til nedre Sinnes. For folk oppe i nordenden av vannet var det både langt og tungvint å ta seg frem med båt. Uvær og usikker is var forhold en måtte regne med.

Den gamle kirkens dager var talte. Så ble det avgjort at den skulle stå til den nye var ferdig. Riksantikvaren har i brev i 1965 uttalt at den oktogone barokk-kirken i Vrådal må betraktes som et sjeldent arkitekt-historisk monument, og restene etter den bør beskyttes på alle måter. Videre minner han om at sålenge det er grunn til å tro at det finnes mellomalderske bygningsrester på området, er tuften automatisk fredet utfra Lov om fornminne av 1951.

Så er også gjort, stedet med gravhaugene fra hedensk tid, og kirkegården med gamle graver fra tidlig og senere mellomalder er tatt vare på og blir vernet om.

Ved det gamle helligstedet har Tor O. Sanden skrevet ned disse tankene:

Her stod den fyrste kyrkja vår
på Roholdts gamle grunn
og kalla hundravis av år
til heilag messestund
med kjerteljos og klokkeklemt
til ord og sakrament.

Ein mur stend att kring kyrkjegard
med gamalt le' og port,
nedsliten av dei fotefar
frå slegter som kvarv bort.
No veks her gras og mos og lav,
men tuvor syner grav i grav.

At kirken var blitt for liten for det voksende folketallet i Vrådal også, og at den var kald og trekkfull og lå ulagelig til, kunne nok alle være enig i. Men å rive den ned, nei, – det var nok mange uenig i.

«Dei vise fedre i Vrådal fann på å rive den vene gamle kyrkja»,

sa Dyre Vaa, billedhuggeren fra Kviteseid/Rauland. Hans mor, Marie Vaa, f. Roholt, skrev som 16-åring en artikkel i «Varden» mot vandalismen.

Olav O. Nordbø ga i 1883 grunn til den nye kirken, også til kirkestue og kirkegård. Byggingen tok til i 1885 og det tok 2 år før kirken sto ferdig. Materialer til kirken skal være kommet fra nordre Vrå. Materialer fra den gamle kirken ble brukt til kirkestue og staller ved den nye. I kirkestuen var det «prestekammers» og «kjerringkammers» og den hadde også i sin tid vært nyttet til skolestue. I prestestallen var det flere rom, og i den ene enden fantes vedskjul og utedo.

Det måtte 2 hester og 6 mann til for å flytte den svære dørhella fra stavkirkens tid til nykirkens dør.

Innved berget, rett ut for kirken var det naturlig brygge, så båtene «Dølen» eller «Nissen» kunne legge til. Det betød store forbedringer i kommunikasjonene, og da veien til Vråliosen var et faktum, kan en vel si at fremskrittet var storveis.

Av det gamle inventaret som ble benyttet i nykirken er prekestolen, altertavlen, alterfoten og alterbordet (fra stavkirken), døpefont med kobberfat, krusifiks, 2 store messing lysestaker, en liten sølv lysestake, alterkalk og disk, 2 smidde speniler til klokkesnorene, 2 kolber fra de gamle klokken, lås med nøkkel til kirkedøren. Som vel var det viktigste.

Prekestolen, altertavlen og døpefonten skal være laget av en treskjærer fra Seljord. Krusifikset er laget av en vrådøl i 1719.

Nykirken i Vrådal har allerede rukket å fylle 100 år og vel så det. Det er en enkel bygning, panelt og hvitmalt med store vinduer, og skiller seg ikke nevneverdig ut fra nabokirkene av noenlunde samme årgang.

Veg og transport i gamal tid

Torgeir Straand

Den nåverande vegen langs Nisserstrendene kom fram til Vrådal i 1855. Vegen vidare over Kviteseidheia kom seinare. I ei fjellskjering i svingen på den høge muren i Kviteseidkleivane stod det i si tid innhogd i fjellet årstalet 1857. Truleg blei heile vegen over heia ferdig noko seinare. Dette årstalet er blitt fjerna ved utviding av vegsvingen.

Den gamle vegen over heia frå Vrådal gjekk opp frå Nedre Furuheim og opp der Brøti er nå og vidare opp til Verpe, der kan ein sjå merke etter han. Så gjekk han frå Verpe og opp til Heia. Der gjekk han bakanfor husa og dermed bakom den fjellrabben, og ned til Styggedalssvingen i den nåverande vegen. Derifrå gjekk han beint ned lia, og kom ned ved sida av den store steinen ved Kvernhusssvingen i nåverande veg.

Litt lenger nede svinga han mot aust forbi bygdetunet og vidare ned til Kviteseidvatn der det var båtstø og brygge. Her la robåtane til før i tida, og leverte og mottok varer.

Den gamle vegen var nok ikkje bygd som kjerreveg. Det var ridning, kløvjing og transport med slede som var det vanlege i dei tider.

Då bestefar min kom til Vrådal, var han med og køyrde lass over heia på den gamle vegen. Dei lesste vanlevis 250 kg på lasset, men i dei brattaste kneikane slengde køyrekararen ein 50 kg. sekk på aksla og bar opp kneiken, for å lette litt på hesten.

Oppe i Styggedalen var ein husmannsplass som heitte Styggedal. Her på denne plassen var det ein gong ein gutunge som lika så

kleint å gå på skulen. Det var skule på Søtfløt den gongen. Ein dag kom han inn til mor si og sa: «Nå brenn skulen, det ryk så fælt der nede, nå slepp eg å gå dit».

Denne gamle vegen minnest eg at Karl Kviteseid brukte som tømmersepe når han køyrde tømmer for Cappelen. Han køyrde ned den bratte lia fordi han kunne ikkje køyre den nye vegen med tømmer i heile lengder. Han greidde ikkje dei krappe svingane med så lange stokkar. Den gamle vegen som gjekk rett ned bakken var så bratt at dei måtte bruke 2 vreistar og topptrosse for å bremse tømmerlasset tilstrekkeleg. På tilbaketuren opp att brukte dei den nye vegen, for nå køyrde dei med tome sledar og då var ikkje svingane noko problem.

Då eg seinare køyrde lass over heia med hest på den nye vegen, var det vanleg å lesse 400 – 500 kg. på lasset. Om sommaren brukte dei 2-hjuls kjerre, og om vinteren lass-slede (langslede), ein slede som var noko smalare enn vanlege hestesledar.

I tida før jernbanen kom til Treungen (i 1910), var det stor trafikk med lasskøyring over heia. All vare til Vrådal og Nissedal, og delvis til Tørdal, (vegen Steane – Tørdal kom i slutten av 1880-åra) kom med Telemarksbåtane frå Skien. Frå Smeodden til Vrådal var det hestekøyning.

Til Nissedal og Treungen tok rutebåten på Nisser varene frå Vrådal. Når det hende at isen låg mellom øyane fram til Eidsto og var så sterk at båten ikkje kom fram, men lenger ut over var det open fjord, la båten til land på Kleivhamar. Her var jernboltar bora inn i fjellet til feste for båten. Desse festene står der framleis.

I 1909 då slepebåten «Fram» blei klinka saman borte ved den såkalla «Frambrygga» i Eidsto, køyrde far min, Johan Straand, den store dampkjelen opp Kviteseidkleivane over til Vrådal. Kjelen vog visstnok 1000 – 1200 kg. Han brukte 2 hestar, men

det var eit drygt lass likevel, – å få opp kleivane med bare hestar til trekk-kraft.

Vrådølane var tidlegare, – gjennom lange tider i det 17. og 18. hundreåret, misnøgde med tømmerprisane dei fekk ved salg til kjøpmennene i Arendalsvassdraget. Dessutan måtte dei ta betalinga i form av varer, som på avrekningane ofte var sett for høgt i pris. Dei fekk dårleg behandling av Arendalskjøpmennene. For å avhjelpe dette blei det i midten av forrige århundre sett i gang transport av tømmer frå Vrådal over heia til Kviteseid, for å levere tømmer til Skiensvassdraget der prisane var betre og betalinga i pengar.

Denne transporten gjekk med hestar. Tømmeret som blei fløyta i Nisser, blei landsett i Stellanbukti. Det var for å sleppe fløytinga gjennom sunda inn til Eidsto at Stellanbukti blei valgt. Her blei det bygt stallar for hestane. Det nåverande namnet Stellan har sitt opphav frå desse stallane som blei bygt i forrige århundre. Bestefar min var med på denne tømmerkøyninga då han flytte hit til Vrådal.

Her frå Stellanbukti blei tømmeret køyrt fram til Straand og vidare vegen opp på heia fram dit der den nåverande skytebanen ligg. Herifrå var bygt ei tømmerrenne som gjekk beint ned liane til Sandvik ved Kviteseidvatn. Det blei brukt litt vatn i renna i den øvste delen, men i den nedre delen var det tørr renne, og her gjekk det så «varmespruten» stod når tømmeret gleid gjennom renna.

Truleg var det Cappelen som stod for bygginga av tømmerrenna. Han kjøpte tømmeret. Han var nok interessert i det fine furutømmeret frå Vrådal. Men det var bare rotstokkane han kjøpte. Toppstokkane blei liggande att i Vrådal.

Cappelen hadde på denne tid også sag i Storstraum og i Vrålionsen. Frå Vrålionsen blei plankene køyrt til Bandakslisli og frå Storstraum til Kviteseidvatn.

Tømmerrenna var i bruk i 20 år. Ho blei nedlagt i 1863, og var då sterkt medtatt av slitasje og rotning.

Tur til Skien i 1912

Torjus B. Hemmestveit

Eg hadde nettupp fenge skulearbeid i Høydalsmo. Var på Fjødde nokre vikur. So las eg ei lysing i Skiensbladi onsdag kveld om Odd's landsrenn. Eg fekk hug på å melde meg inn,- fann so ski og strauk til Ofte i telefon. Frå Fjødde til Ofte er ca. 12 km ein veg. Det blei soleis ein kveldstur på 24 km. Torsdag heldt eg skule, og om kvelden reiste eg heim til Morgedal og skulle stelle meg i stand til å fylgje båten til Skien fredagsmorgon. Men båten gjekk ikkje inn til hyttebyen. Og elles var det sø kaldt at det var uvisst om han kom til å gange nedivi om morgonen etter. Dei andre som skulle vera med i spranget laurdag, hadde reist torsdagsmorgonen fyri eg kom heim. Men Lars Berge og Johans Hauge skulle bare hoppe 2. kl. – so dei fekk eg fylgje med.

Og fredag var det fælt kaldt, 23-24 grader. Me reiste heimantil tidleg fredagsmorgon klokka halv seks. Kom til Spjotsodd halv åtte tenkjer eg – og venta so på båter frå Dalen. Men ingen båt kom. Klokka blei både 9 og 10. Det var rimeleg at han låg isfast på Bandak ein stad. Men me 3 karane skulle til Skien likevel og so blei me forlikte om å prøve isan utigjenom. Ingen hadde fare ut der endå. Båten hadde gjenge upp kvelden fyri, so det var nok ikkje trygt. Men me våga på det. Me stava oss yver båtråki ut for Spjotsodd brygga og ho bar då. Isen låg blank utigjenom – heiltupp stålis stykkevis. Men det sleit på skii, og reiv og skura dei vondt under.

Me hadde hoppski alle. Eg skulle nok springe i Skien dagen etter, men eg hadde ikkje springski med. Det var tanken å låne hoppskii av Lars Berge til det, dei var fjotare og lettare.

Piggane i stavane våre var nuve. Me måtte upp i Lindestadgrenni

og kvesse dei. Då me kom upp til ein av gardane, spurde me om lov til å låne slipesteinen. Det fekk me. Ein trødde og ein slipa. Eg trur det var Lars som slipa, og han er ein bjørn so sterk. Han la seg på, og la piggen godt nedpå steinen. Og eg skal seia han slipa. Piggane blei kvasse, men steinen hadde fenge djupe forer i banen, so han måtte nok slitast og sirklast skulle det bli brukeleg stein av den att. Me strauk beinast avstad då me var ferdige, og so blei det pigging ut isen til Fjågesund.

I Bergstod var me inne og fekk kon mat. Men då folki hørde at me esla kon ut Flåvatnet au, rådde dei ifrå. Der var spelegt enno – åthol og slikt. Men det fekk ikkje hjelpe. Me skulle til Skien me, og det kunne ikkje utsetjast.

So avstad att. Det gjekk bra ein tur til me hadde kome godt og vel forbi Kilen, ut på sjave Flåvatn. Johs. Hauge stava seg fyr. Det gjekk med bra fart etter isen på sida av båtråki. Men hoss det var eller ikkje, me såg at Johans skrådde yver båtråki, og at han med ein gong kasta seg ned og tok til å krabbe attende liksom. So svinga han med staven inn mot land på vestsida. Me svinga inn etter han. Lars fyr med sterke armtak. Eg var ca. 25 m. etter, tenkjer eg. So blei eg var at Lars svingar endå meir til lands og fiktat med armen at eg bør gjera det same. Eg so gjer. Då eg kom etter, fortel han meg at isen heldt på å svikte under han. Han var ikkje tykkare enn at piggen på staven gjekk igjennom, og vatnet taut upp til kvart stavtak. Me stavar so inn mot land til Johans kjem, og han kan då fortelje at han nære på hadde gjenge til botnen. Då han skulle over båtråki, gådde han ikkje at fyrr det var vatn rundt ikring han. Det var eit isflak i råki han hadde stava seg inn på. So kasta han seg ned og prøva uka og krabbe seg tilbaks, som og lukkast.

Ja, no haddde me fenge eit varsku um at Flåvatn ikkje var til å lite på. Me heldt kon innved land ei stund og tok det meir med ro. Men ved ytste enden av Flåvatn er det hoggbratt på sidune og

isen blei veikare, det såg me. Me tenkte so smått på å koma i land og krabbe kån ut ut til Strengen i ufsine der. Men det var ikkje byleg å koma fram der heller, so me fekk trøyse oss til isen i lengste laget, og heldt so på ei stund til. Johans fyr som vanleg. Me andre etter hakk i hel. Med same Johans skulle svinge rundt ein odde gådde me ikkje at før han gjekk nedi alt til hòko. Skii skjende under isen og drog han med. Det såg stygt ut. Han Lars pæsa og drog etter pusten. Men Lars var til all lykke like innved og fekk rette han staven. Eg rette so staven min til Lars att, og kom då so nær inntil land at eg fekk tak i kvistane på ei bjørk med den andre hândi. Der låg me no på håliskanten med ski på og tana og drog på Johans, som blei tung og vasstrukken, og på sett og vis ville til botnen andre gongen. Etter mykje strev fekk me han uppatt og inn til land.

Men du kan vita hòss det blei. Han var våt til hårgarden, og det i 24 graders kulde. Ei laug det årsens bil på Flåvatn var ikkje noko a trå etter. Ja so blei det å kravle seg fram uppi bergskortene langs med stråndi ut til Strengen. Men det var mest å seia livsfarleg det og. Det låg kovsvoll nedetter bergi, so ein kunne ikkje gå at før ein rusa ut og ned i vatnet som no låg heilt ope. Lars og eg tok skii og stavane av Johans. Han kravla seg fyr so godt han kunne for å halde varmen i seg. Me kom fram til folk, og Johans fekk turre klæde.

No la Lars og Johans seg att til neste dag. Men eg skulle springe langrenn i Kikut neste dag so eg måtte vidare. Eg hadde som ei von at rokk eg Ulefoss til kl. 3 e m., so kunne eg kanskje koma inn på båten frå Notodden. So ein springmars på 2 mil frå Strengen til Ulefos. Dit kom eg sil svett og trøytt, men ingen båt gjekk, og eg gav mest up voni. Då råka eg Seeberg. Han baud seg til å få tak i ein hest til meg so eg kunne få køyra til Skien. Han kom endå til med springski og, nokle lette, gode ski av hikori med furubelegg uppå. Dei såg ut til å vera bra. Eg takka og tok i mot. So blei det ein køyretur på 3 mil i dei sveitte klædi, forutan

frakk og i bitans kulde. Eg kom til Skien klokka eitt om nåtti etter ein lang og strevsam fredag. På farten frå klokka halv seks om morgonen. Men eg sov godt, og kjende meg heiltupp kar neste morgon då eg vakna.

Det var so lite snjo i Skien denne gongi, at langrennet var lagt til Kikut innnyver heiane der. Og so blei det ein mars um morgonen att på 8-10 km til Kikut. Der råka eg endeleg dei andre karane som hadde reist dagen fyri meg. Det var Bygglandsgutane og Sámund Bjåland.

So bar det i veg. Og det gjekk godt ei heil beite inneretter skogane. Det var fyrste gongi eg gjekk langrenn, når eg reknar frå turen til Skien. Dei lette springskii av Seberg var framifrå. Men dei var for veike. I ein kneik midt innpå heii braut eg av bae tvo like framfor bandet. Der stod eg so gjennom varm att i den fæle kulda.

Etter mykje strev kom eg meg endeleg fram til ein post og fekk låne nye ski, so eg kunne koma meg inn til mål att. Um kvelden kom Johans og Lars etter med båt frå Ulefoss. Dei var i betre lag. Om sundagen tøygde Hauge'n Kikutbakken ned og fekk 1. pr. og Damenest Pokal. Det var nok den kalde laugi på Flåvatn å takke for de.

Heimatt frå Skien den gongi var og strevsamt. Båten upp Vestvatni stansa heilt. Me for med båt til Årnes måndagskvelden og so den 7-8 mil lange vegen heim til Morgedal neste dag. Eg kom heim kl. tolv tysdagskveld. Kl. fem neste morgon var eg uppe att og reiste til Fjødde på skulearbeid. Det er 15-18 km frå Morgedal. Dit kom eg til skuletid kl. ni om morgonen.

Denne Skiensturen var strevsam og farefull. Det spøkte både for liv og helse den gongen.

Dei gamle skiløyparan

Olav Sandåker

Onde grænan blei dei fødde
å med ski og ilkeband,
upp med mæremjølke blei gjødde
så blei karen vaksen mann.
Og på sine ski dei rende
slike sprang va'moro sjå,
for så høgt at mang ei vende
some snudde seg i frå.

Dei blei fødde dei blei ala
i den ville skog og hei,
jamt så låg dei ute bala,
veten den va'lang og'lei.
Og når snoen gjekk te'livet
støgo somtid føkte ned,
skorsteinspipa opp dei klive,
for på ski te'bygdar ned!

Då var skie gode hava
alle vegur føkte att,
det va'i te'livet kava.
Snøtt nok rev og røysekatt
kom seg fram i slikt eit føre,
men med ski på gjekk det lett.
Mang ei gasta ryggebøre,
tek ein løypar hev eg sett!

Hussko'n innat viubandi
mang ei vende klaka fast.
Viu onde ilken bende

så det sat som band og bast!
Inn i stogu laut dei bera
guten då med skii på.
Hende au dei måtte skjera
viu då, fe'løyse frå.

Tidleg upp, og sein om kvelden
det va'skikken hera då,
ligge lenge onde felden
skamleg lata nokon sjå.
Fire gongur graut om dagen,
og der attåt slep og slit,
så det svidde vondt i magen
å, det va'ikkje med vit.

Men dei va'kje gode taka
uti krok o ryggjetak,
og når dansegolvvet knaka
onde foten lett og vak.
Å, dei kunne fint seg slenge
ette felas lette takt.
Ingen kunne då dei stenge?
eller slå dei ned med makt!

Å – dei leid a vondt og streva
sleit au stegleg mang ein gong.
Då dei ofte opp seg liva
med ein trall, og leik og song,
rudde seg ein plass fe plogen
mat fe kjærning, og fe bonn
Livde der sitt liv i skogen
– døde au, med øks og lønn.

Derfe, løypar, vil du bliva
hard og stålsett i din kropp,

så du heilt til topps kan kliva
båd' i slalåm, og i hopp,
må du ikkje grauten vraka
litt sjørmjølke au du drikke må.
Men litt saukjøtt kan du taka
og så lefsa hard og grå.

Nokre bod eg vil no gjeva
te dykk løyparar i kveld:
De må ikkje ute sveva,
hell med jenta onde feld!
Snus og skrå og sigarettar
må de jammen legge bort,
fe de pustar mykje lettare,
og så spring de vel så fort.

Men ein dram de godt kan taka,
og ein skvett med bikkjeøl,
men de må nok ikkje vaka
fe då bli de stiv og støl.
Hald dykk allstøtt tørr på beini
varm om ryggen og om kne.
– Då kjem de te' prisen bera,
kan de berre halde det -.

Flekstveit

Halvor Nordbø

Kviteseid gamle kyrkje og Kviteseid gamle prestegard låg sentralt i det gamle Vest-Telemark. Her for vassvegen forbi, mellom Vestfjelli og Skien – «byen», og havet. Her rodde dei fjordane sommarstid og her køyrde dei isane vinterstid. Og her kom ein krossveg over heia frå Vrådal og frå Nissedal og Tørdal, og vegen for vidare nordover til Brunkeberg med greiner til Morgedal, Dalane og Seljord.

Her var det naturleg at ei av steinkyrkjene, hovudkyrkjene, blei reist i misjonstida, og her hadde prestane i mange hundre år sin gilde prestegard like ved med romsame hus og store skogar vidt omkring. «Kviteseid gard» blir prestegarden nå kalla.

I dette grannelag har Kviteseid bygdetun fått eit fint miljø, og det meste av husa på tunet er samla frå det gamle store Kviteseid prestegjeld. For prestegjeldet var større før enn nå. Tre av dei hus som fins på bygdetunet er henta frå ein fjellgard litt vest for grensa mellom Kviteseid og Lårdal.

Dette er den tvihøge stogebygning på bygdetunet, eit av dei to lofta og så fjaset. Alle er komne frå Flekstveit opp for Bandak, – den bandforma sjøen.

Eg kjenner soga til Flekstveitgarden tolg godt, og eg har mang ein gong vore på den gamle garden før husa blei flytt. Soga til garden speglar forresten av den utvikling som har gjort seg gjeldande for mange gardar i fjellbygder i dei siste mannsaldrar.

Mi interesse for garden har bl.a. sin grunn i at ætta til mi farmor

kom frå Flekstveit, og denne ætta kom til garden så tidleg som kring 1650. Kanskje kom den fyrste frå Setesdal.

Det er store slekter spreidt over landet og andre land som stammar frå Flekstveit. Hovudbølet Øvre Flekstveit kom til å fylgje vår grein heilt til far min, Torjus. Han fekk den gamle garden i skiftet etter mor si i 1880. Han var då 10 år gamal.

Den tid då Flekstveit var ein storgard gjekk ferdselsvegar etter heiane forbi garden. Vegar kom frå fleire kantar: Frå kyrkjebygda i Lårdal og frå Strandine langs Bandak, frå Øvre Lårdal, frå Høydalsmo, Dalane og Tveitegrenda i Kviteseid. Då låg garden sentralt. Det er jamvel nemnt at der var gjestgiveri.

Men alt for 4-5 slektsledd tilbake hadde ferdsla tatt nye vegar og Flekstveit låg avsides. Korkje mine oldeforeldre, Torjus og Anne Lundevall, mine besteforeldre, Halvor og Anne f. Lundevall, og min far, Torjus, kunne tenkje seg å busette seg på så avsides gard. Garden Øvre Flekstveit gjekk av den grunn ut av slekta i 1898. Ut av slekta gjekk også nedre Flekstveit og nå ligg dei gamle gardane oppe på heia forlengst heilt øyde. Frå Bandak og opp til Flekstveit var veglengda talt til 3.200 steg. Det er omtrent ein fjerding, og vegen stig jamt over 1:5. Det er bare gangveg opp fjellet.

Hus og jord låg på brotet mellom Flekstveitheia og det stupbratte fjellet ned til Bandak. Høgt og fritt og sjåleg låg tunet på Flekstveit.

Nå er Flekstveiteigedomen sterkt dela og mest huslaus. Bare søge og sagn fortel om tida før første delinga i 1850, og frå den tid det var ei grend av buplassar med eigen skole på øvre Flekstveit.

Det var god jord på Flekstveit. Solvendt var det også, så det blei bra avlingar både av bygg og jordeple, i ei høgd av 650 m.o.h.



Jakt på Flekstveit

Men resursane til garden låg først og fremst i heibeite, i slåtteteigane på støylane og så i skogen.

Langs Bandak var strandlina reikna å vere mest tre fjerdingar. Den gjekk frå «Trifordongskifte» ved Lindeviki til Mågebekk. Mot nord grensa eigedomen til Dalane.

Til garden hørde det minst 10 støylar spreidd utover Flekstveitheia. Garden hadde kvenn og fossesag.

I 1659 var der bare ein husmannsplass til garden, men ei tid var der 13 og fleire av støylane hørde plassane til. Det var stor aktivitet på eigedomen og det var arbeid for mange i skogen og på garden. Og før emigrasjonen tok til i 1840-ara var einaste utveg for mange unge å ru seg ein plass.

Mange av plassane låg nede ved Bandak. Nå høyrer den nedre garden til ein av dei tidlegare plassar. Dei to bruk har altså skifta rolle som hovudbøle.

Då garden var samla fødde den på det meste 25 storfe, 50 – 60 sauer, eit par geitar, eit par grisar og så var der opp til 3 hestar. Det var heiane og stølane som gav det meste av foret, men foringa var sjølsagt snaud i den tid.

I dag er både beite, stølar og innmark O-område. Det same var også tilfelle med skogen inntil det nyleg blei bygt skogsbilveg. Alle plassane kring Flekstveit er borte.

I velmakttida var der mykje hus og gilde hus på hovudbølet, altså på Øvre Flekstveit. Men det er ikkje heilt klart kor mange hus som fans på tunet samtidig. Husestaden på den gamle garden blei forresten ein gong flytt.

Professor Johan Meyer ved Norges Tekniske Høgskole skreiv i verket sitt «Fortids kunst i Norges Bygder» ei utførleg omtale av denne bygningen, og serleg har han skrive om rosemålinga. Stoga er måla av Tallev Målar – ein av pionerane innom rosemålinga i Telemark. Dette var visstnok omkring 1750 og målinga blei kosta av Aasmund Knutson Flekstveit. Men på Øvre Flekstveit sto det ein stogebygning til før delinga. Den blei flytt til den nedre garden kring 1850. Det er mogleg at bygningen på bygdetunet i velmaktstida blei bruka til gjester, og at den andre blei bruka til dagleg.

Velstanden på Flekstveit på 1700-talet kom også til uttrykk ved at der sto 5 bur og loft.

Det staselegaste loftet står på bygdetunet. Det er bygt i 1790 av Øystein Midtbu, og er rikt utskore. Det blei bygt i den tid Torjus Aasmundson Flekstveit og Egelev Saamundsdotter var eigarar. Forbokstavane deira er å sjå på loftet.

Eit mykje gamalt bur frå Flekstveit står ved Morgedal Turisthotell, og det er mogeleg at veggane frå eit tredje bur er bruka til stall på garden.

Til den nedre garden kom det loft og bur. Loftet rotna og blei visstnok hogge opp etter ei tid. Buret kjøpte eg sterkt medtatt. Eg har restaurert det og sett det opp på Straumen i Vrådal. Son min Torjus som har navnet sitt frå Torjus Flekstveit, er nå eigar av buret.

Husa frå Flekstveit er bygde i ei tid då skogane i Vest-Telemark kasta mykje av seg, og då det fans framifrå håndverkarar i bygdene. Store kunstnarar var somme.

Personleg er eg glad for at det er tatt vel vare på dei gamle hus frå Øvre Flekstveit og at dei er komne til Kviteseid bygdetun. Gildast hadde det sjølsagt vore om dei hadde stade i sitt gamle miljø på den gamle garden. Men avsides og veglaus som garden var, var ikkje dette mogeleg.

Soga om Flekstveit er lik sogane om så mange fjellgardar og grender i Vest-Telemark. Den tekniske og økonomiske utvikling har vore hard med mange gardar og grender, og bygdelag er faktisk i ferd med å bli avfolka. Omlegging av ferdselsvegane er ofte eit avgjerande moment.

Det fins døme på at folk har flytt tilbake til nedlagte og fråflytte bruk etter at det kom veg, men på ein stad som Flekstveit blir det snaut ny busetnad noko tid.

Då eg var liti

Hege Leirlid

Då eg var liti, henta eg mjølk for Knut Skreddar på Løkjestaulen for tvo øre venda. Det var sumaren 1898.

På den tid vart den fyrste telefonlinja gjennom Morgedal reist. Dei vaksne tala om dette, og me ungane hørde og fylgde med. Dei tala om nokre nye folk som skulle koma, og skulle arbeida med dette, som dei kalla anleggsslusk. Det høyrdest rart ut for oss ungane.

Men so vart det slik at Knut Skreddar var med og grov holur til stolpane. Han skulle bu hjå oss eit par veker, og Knut var bygde-mann det, så han var eg til vens med. Så tok eg på meg denne store akorten å henta 1 liter mjølk på Løkjestaulen, og for det fekk eg altså 2 øre venda. Else Dale, mor til Klas Dale (som då budde på Haugen) sat på staulen med Haugenkyrne. Eg kom til Else og fekk mjølkeliteren i spannet, og ein kopp å drikke, som ho kalla supen. Eg hugsar så godt Else. Ho var så stor av vokster og så gjekk ho med oppåknytt tørkle til kvardag, og store fylur på føtene. Ja, dette var kvar dag, mjølkeliteren til Knut, og supen til meg.

Så ein dag eg for nordover, kom opp på bakken mot Løkjebroi, stod det ein heil flokk med karar like ved vegen til Løkjestaulen. Eg kjende dei ikkje og ales kledde enn oss tykte eg au dei var. Eg snudde tvert om, men då kom det ein ut or flokken og ropa: «Nei, nei tulla, du må komme, vi skal ikke gjøre deg noe vondt!». Eg smøygde meg då, liti og redd, tett inntil berget forbi dei. Trudde no vel at dei ville halde att meg, men om eg såg dei seinare, for eg framom dei som ingen ting var.

Det gjekk no ikkje så verst med akorten, for då eg var ferdig med

den, gav Knut meg ei halv krone, som dei sae då. Å du, å du, så mange pengar eg tykte eg åtte. Og så vel som eg gøynde den!

Prolog

til 70-årsjubileet for Fjågesund Kapell
den 10. juni 1986.

Torjus Fjågesund



Vigslingi av Fjågesund kapell, 1916. Biskop Støylen. Presten Bergeland.

I gamal tid, so vert det vitterligen sagt,
for fleire hundre år i tid attende,
då vart til bygda her ei kyrkje lagt
på femtenhundretalet gissar eg det hende.

Og ikkje veit ein kven det var på desse kantar
som fann at gudløysa var heller stor,
om det var katolikkar eller protestantar
som hadde vunne over Odin og han Tor.

På den tid Koll med bila si som verst husera
og Svartedauen herja stygt blandt folk og fe,
han lydde øksas klang og massakrera
so mang ein farmann som han hogg med øksa ned.

Og millomalderen tok slutt, og mange hus stod tomme,
men her på Gyrivoll vart fyrste kyrkja bygt,
kann hende var det fåtal som var att blitt meire fromme,
i alle fall so følte dei at det vart meire trygt.

Kor lenge kyrkja stod på staden her veit ingen,
men lenge er det sidan vegg og tårn datt,
og at ho gjorde tenesten for Gud og folk var tingen,
det viser døypefatet, det einaste som er av kyrkja att.

So gjekk det hundrevis av år før det kom planer
å reise kyrkja opp på ny av den som sokk i grus.
I millomtida hadde folket her og deira aner
reist opp til Kviteseid når dei skulle i Guds hus.

Men vegen den var lang og den var mykje brokut
dei rodde fjordan, og vetterstid dei køyrde dei med hest,
men visst me veit: å vasse strendene var meire krokut
der laut ein klare seg slik som ein kunne best.

Slik heldt dei på til uti nittenhundretalet
og nye tider snudde rundt på det som eingong var,
og alle meinte nok at det var altfor gale
å inga kyrkje ha, so difor fram dei bar

ei bøn til myndighetar fyrst, og til Vår Herre
om eige hus for åndelege ting å få,
og heldigvis var svaret Ja, det var 'kje verre
enn dei som tok imot den bøni hadde råd.

Og so tok store ting for alvor til å skje,
det galdt å lage teikningar og meire til,
og då den arkitekten ferdig var med det
so kom det fram ei stavkyrkje i meir moderne stil.

Og plassen der som kyrkja skulle stande
vart utvald som den beste her i bygda var,
og alle er me etter kvart blitt vande
å sjå på henne som det midtpunktet me har.

Eit sentrum ja, og ikkje bare nett for synet,
for mange tankar iblandt godtfolk trutt om henne sviv
og der ho stend og kneisar oppå bakkebrynet
ho vaktar på vår tru og på vårt indre liv.

Bin takk me sender varmt til dei som bygde
og bruka delvis bygdas eigen material,
det skulle vel for handverket og varigheten trygde
so i all framtid me får ha vår vesle katedral.

Og so vart kyrkja tatt i bruk omsider,
det seiast at av folk der var eit vell,
og det som skjedde den gong just på desse tider
var innviging av det me kallar Fjågesund Kapell.

Og det som prega dagen mest var kanskje teksten
som lesen vart og gav vår bygd eit velbegrunna håp
at lange tider etter nittenhundr'ogseksten
var folketalet sikra ved den store barne-dåp.

For mange var det, og ein del var nokso store
for samla var dei fleire stykker heilt frå året før,
so summe lurte kanskje på om rett dei torde
å svara namnet som dei skulle ha då presten spør.

Og sidan den tid har so mang ein lagt av garde
til kyrkja fyrste gong for å få dåpens pakt
med ynskje om å overvinne livets fare
so sant ein underordnar seg ei høgre makt.

Og kyrkja står der, virkar kanskje i det stille
og ventar vel på neste korsveg i ditt liv
då du som femtenåring konfirmerast ville
og for all framtid ut or barneåra driv.

I åras løp har vandra hundrevis av konfirmantar
opp kyrkjebakken, i folleskjørt og nyerverva dress,
slik kom dei ifrå bygdas mange kantar
og tok på benken langs med midtgangen ein sess.

So vart dei høyrd ifrå den Store Bok av presten
vart spurd og testa litt på kryss og tvers,
og stod dei der og stotra, hjelpt' han gjerne til med resten
mens andre ramsa opp ein haug med salmevers.

Frå altarringen gjekk dei nøgde ut i denne verda,
dei følte seg som vaksne kvinner og som menn
og kyrkja sende gode ynskje med på ferda
med den ballast ho hadde gjett dei smått om senn.

Dei livde i sin ungdoms rus som ein gong måtte stoppa,
ja tida den går fort, langt fortare enn nokon trur,
om nokre år stod dei atter der på kyrkjetroppa,
men denne gong det var som brudgom og som brur.

Og presten smidde dei då fast i hymnens lenkje,
slik heitest det på aller beste talemål,
og med formaning om å allting til det beste tenkje,
og alltid vise kjærleik, vennlegheit og tål.

Dei svara Ja, og vart erklæra rette ektefolk å vera
og trippa ut til tonane frå Mendessohn,
dei lova blidt, alt godt imot kvarandre gjera,
det gav for samlivet so stor ei tru og von.

Og kyrkja står der traust og kallar med si klokke
til messe, salmesong og sakrament,
og rett som tida går tek folket til å flokke
seg saman i ein hop der oppå kyrkjebakkens skrent.

So steig dei sakte inn, dei roa seg og lydde
til prestens ord om det me stundar til,
og allting som var vranget han på slik måte tydde
at ikkje eingong dåren kunne gå seg vill.

Og mange var det nok som tok på ordet vare
frå trusartiklar til dei mange bud,
og sume kjende seg som frelst frå all den fare
som trugar dei som akkederar med sin Gud.

So høgt det er oppunder taket i vår kyrkje
at flesteparten seg til rette finn
der ingen spør deg ut om rang og om ditt yrkje
men heller skaper ro og likevekt i sinn.

Og tankar, ord og gjerningar for kyrkjas åsyn
vert rensa so dei skin som kvite snø
og om me syndar mindre stygt i andres påsyn
so er nok syndaranes flokk ein mektig kø.

Ja kyrkja fylgjer med oss gjennom heile livet
som eit symbol og bygning der ho står,
og sjøl om Bjørnson har rett i det med sivet
so er ho trass i alt blitt heile sytti år.

Og kor ein ivrig prøvar på å snu og vende
på verdens gang og på vårt eige lag,
so må ein godta det at allting har ein ende
då alt som lever har sin aller siste dag.

I slik ei stund står kyrkja truge der i teten
når ein til sist legg ned sin vandringsstav,
då viser ho ein sikker veg til evigheten
og let oss taka opphald i ei dertil vigsla grav.

Ja slik har kyrkja virka blandt oss heile tida
og gjeve næring til vår sjel og indre liv,
og kanskje speglar det seg av på yttersida
i dagleg dont og i eit mykje større perspektiv.

Og slik me ser din silhuett på bakkekammen
slik vil me håpe du får stå i mange år
og binde fortid, nåtid og all framtid sammen
til folkets beste og for Han som med det heile rår.

Godt sagt

Tor O Sanden

Eg kørde ein gong saman med ei gamal bondkone, Anne Øy Nordbø. Det var hesteskyss då, so det gjekk ikkje so fort og me kom straks i livleg samtale om litt av kvart. Ho var ein glimrande forteljar og det reine leksikonet når det galdt ætte-og bygdesoge. Ho var litt tunghøyrde, so sumtid spurde ho uppatt. Etter ei stund so seier ho: «Du blir vel lei av og snakke med meg som masar og spør om att?» «Langtifrå» sa eg. «Eg synes det er veldig intressant, so mykje som du veit om gamle dagar.» «Eg er litt plaga av at eg er so dauv, men det er no ein fordel med det og, for no høyrer eg aldri dei snakkar vondt om meg» sa ho med ein liten lått.

Ein mann fekk nokre helse-plagor og gjekk til doktaren for å få hjelp. Og han fekk noko medesin som skulde gjera han god att. Men medesinen hjelpte ikkje noko, so etter nokre dagar bestemte mannen seg for å snakke med doktoren att. Han var elles kjend for å vera flink, men hastig og sinnagalen. Han måtte vel vera ekstra stressa og gretten denna dagen, for straks han hadde kome inn tok han til å sjelle han ut for både det eine og det andre. Mannen sat tolmodig og høyrde på og ikkje slapp han no til heller i den fæle ordflaumen. Men til meir hissa doktaren seg opp, so han tilslutt slapp opp for ord og berre skreik ut: Gå! Gå! og peika på døra. Ja, mannen gjekk roleg mot døra, men i dörglytten snur han seg og spør:» Dersom ikkje detta hjelper, kan eg då kome att og få meir av same slaget ?»

Ein mann frå Vrådal var innbeden til ein fest i ei av grannebygdene. Men undervegs trefte han på eit par kjenningar, som hadde både øl og «brandy» og som absolutt vilde spandere på han. Han kom difor litt forsinka fram til lokalet, so det såg ut som alt folket hadde kome seg inn. Det var ikkje eit menneskje å sjå. Det hadde

blitt mykje øl, so mannen var so trengd at han berre studde seg inntil veggjen og slo lens. Det var halvmørkt, men rett før han var ferdig dukka det opp ei kvinne trillande på ei barnevogn med ein liten, triveleg unge opp i. Ungen smilte og peika på mannen som stod der. «Gratulerar med ein liten» sa fylikken. «Takk i like måte », sa kjeringa.

Først i dette hundrad-året var det mest ingen som hadde innlagt vatn. Men etterkvart vart små bygde-meieri og smørlag skipa til. Det vart då svært viktig å få avkjøla mjølka snarast råd. Det vart gjort store framsteg i jordbruket i denne tidbolken og folk var opptekne av å lette det tunge arbeidet. So kom det oppfinningar som gjorde det mogeleg å bore hol i lange trestokkar som vart kobla saman med jarnringar og vart ypperlege vassleidningar. Mange laga seg ein stor brønn i tunet og bygde opp som eit stort kjer over brønnen, omlag ein meter over bakken. Dei leia so vatn opp i brønnen i ei trerenne og laga eit overløp ned i ei vanleg avløpsgrøft. Soleis rann det stadig nytt og friskt vatn i brønnen. So la dei ein staur eller fleir etter som dei trong og hengde dei lange mjølkespanna ned i til avkjøling. Her susla og rann vatn støtt. Oftast sette dei opp ein grov og lang stolpe ved sida til henge frå seg ymse ting på.

So kom dei saman nokre gamle gubbar ein kveld og det vart turing av det, so alle vart nokso påseila utpå kvelden. Ein av dei måtte ut og «tappe laken av flesket» som han sa. Han var ikkje noko kjend på garden, men i myrkret timja han denne stolpen og tenkte den kunde vera grei å stø seg til. Det hadde blitt mykje øl, so det susla og rann omkapp med suslinga frå brønnen, som mannen ikkje var merksam på. So han vart berre ståande, for han høyrde det susla og rann stadig vekk. Men inne vart det nokon som kom til undrast på kvifor mannen ikkje kom inn att og eit par ymta om at det kann no vel ikkje ha hendt han noko. Ein av dei som var klårast i toppen gjekk ut for å sjå etter han. Og då augo hans vandest til myrkret, syntest han timje ein skapning ved

brønnstolpen. Han gjekk opp til han og sa: «Stend du her. Du vart so lenge borte at me fælte for at noko hadde bævast (hendt) deg. So eg torde ikkje anna enn å sjå etter deg.» «Nei,» sa mannen. «Men eg trur eg pissar meg i hel.»